



Festicampen ligg fint til like ved Uskedalselva.

**Det vert liksom ikkje ein skikkeleg festival uten ein god camp. Dette rimelege overnattingstilbudet har vorte utvikla dei siste åra, og framstår i år betre enn nokon gong. På campingområdet ved den sildrande Uskedalselva finn ein alle fasilitetar som toalett, vatn og straum. I tillegg vert det ope for dusjing i Aktivitetshuset mellom kl. 12 og 14 både laurdag og søndag.**

På Festicampen opplever ein verkeleg Festidalen-stemminga, og tilbakemeldingane i fjor var svært gode. I år er altså campen gjort endå betre mellom anna med omsyn til straumtilførsel.

Prisen er den same uansett om du bur i bubil, campingvogn eller telt. Det kostar 150,-kr pr. person, og ein betalar med kontantar når ein kjem. På grunn av tilkomsten rår ein frå campingvogner over 6 m. Då er alternativet Rabben Feriesenter AS like i nærleiken.

Leiar for ansvarsgruppa for campen er Erlend Hellingrud, mobil 472 60 535, og påmeldingar kan sendast til [erlend@hellingrud.no](mailto:erlend@hellingrud.no).

Fleire opplysningar og reglar for opphald på Festicampen, finn ein på [Festidalen si heimeside](#) og i festivalavisa.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Festidalen